



* LANDBRUK · 8-9

– Jordleie har fått et ufortjent dårlig rykte




* VEKSTTORGET · 10-11

Venter god tilvekst av lam i sommer

LANDBRUK · 4-5

Trenger dobbelt så mye norsk honning

KOMMENTAR · 3



Erling Kjekstad er kommentator i Nationen.

KOMMUNER I STØPE-SKJEEN

«Den som vil stanse Jan Tore Sanners kommune-reform, må stå tidlig opp om morran.»

* SAMFERDSEL · 6

Sjåfører feiret nye krav til minstelønn

– Det skal bli vanskeligere å være kjeltring, sier arbeidsminister Robert Eriksson (Frp).

* POLITIKK · 7

Valdriser kan stemme grønt i år

Fjellkommunen Vang i Oppland er ett av stedene Miljøpartiet De Grønne stiller liste for første gang.

* SAMFERDSEL · 16

Snakket om flyplass med departementet

Lokalt næringsliv er urolig for en kommersialisering av flyrutene mellom Ørsta/Volda og Oslo.

REPORTASJE · 12-14



Sykelsti skal lokke turister

William Matsson (12) og Kaja Hemstad (13) har tatt i bruk den nye sykkelstien i Trysil i Hedmark.

Høyere priser og rabatter på utstyr skal snu trenden med stadig færre birøktere. Antall bikuber er nesten halvert de siste

ti årene. Birøktersamvirket Honningcentralen har kapasitet til å ta imot dobbelt så mye honning som i dag.

* **Birøkt**

Antall **bikubar** er nært halvvert på ti år. Honningcentralen håper auka innkjøpspris og rabatt på utstyr skal snu trenden.

Tek grep for å snu negativ bie-trend

– Det har vore ein dramatisk utvikling, seier styreleiar Olav Arne Sønnerland i birøktarsamvirket Honningcentralen.

I løpet av det siste tiåret har talet på bikubar i Noreg gått ned frå rundt 60.000 til 35.000 i 2013. No tek Honningcentralen og Norgesgruppen grep for å få snu den negative trenden.

Auka pris

– Vi gjer rabattar på utstyr til både etablerte og nye birøktarar. Vi ynskjer å stimulere til økt produksjon, seier Sønnerland.

I fjor tok imot vi 424 tonn honning. Ifølge styreleiaren vil birøktarsamvirket gjerne ha dobbelt så mykje.

Allereie for to år sidan justerte samvirket opp innkjøpsprisen til 14 kroner kiloen – ein oppgang på 25 prosent – i håp om å få opp produksjonen av honning. Ifølge Sønnerland ser det ut til å ha gitt resultat.

– De to siste åra ser det ut til at tendensen er i ferd med å snu, og i dag er omkring 40.000 bikubar i drift rundt omkring i landet, seier han.

Ti kilo per kube

Honningprodusent Terje Reinertsen er i fullsving med sommartrekket heime på Gjerdrum i Akershus. Han har drive med birøkt sidan 1971, og er ein av 930 birøktar som leverer til Honningcentralen. Totalt har bie-bonden 300 bikubar.

– Det blir ein livsstil. Interesse

aukar etter kvart som ein jobbar med biene. Arbeidet er av ein slik art at ein blir roleg av å jobbe med det, seier han.

Rundt han svirrar buckfast-biene som produsere honning i stor skala. Rundt 10 kilo honning per bikube på ein dag er ikkje uvanleg når sommaren er på sitt sterkaste. Sesongen varer frå omtrent april til august. Ifølge Reinertsen er det særskild gode forhold for å drive med birøkt i Norge.

– Det har med klima og jordsmonnet å gjera. I Norge har me variasjon i floraen som er knytt til bikubane. Det vil seie at biene pollinerer på fleire typar planter. I andre land er honning produksjonen ofte basert på ein monokultur, seier Reinertsen.

Eldrebolge

Årsaka til nedgangen meiner Sønnerland skuldast at mange av dei etablerte birøktarane har pensjonert seg, samstundes som rekrutteringa ikkje har vore god nok. Dagleg leiar Trond Gjessing i Norges Birøktarlag meiner tendensen er i ferd med å snu.

– Det var 500 på kurs i fjor, og i år var me oppe i 700. Nybegynnarar får gratis medlemskap i Norges Birøktarlag og redusert pris på nybegynnarpakkene, seier Gjessing som representerer 3500 medlemmar.

Bakgrunnen for reduksjonen i talet på bikubar meiner Gjessing har vore grunna dårlege rammeforhold for birøktarar i Norge.

– Dei siste åra har prisen gått opp, samstundes som det blir gitt tilskot på 400 kroner per kube frå 25 bikubar og oppover. For gardsbrukarar som tek imot landbruks-tilskot blir det gitt frå første kube.

Kald sesong

Den kalde våren i Noreg har utsett honningssesongen fleire stader i landet.

Fakta

Honningproduksjon

* **1000 tonn honning** blei produsert av medlemmane i Norges Birøktarlag i fjor.

* **Totalt 424 tonn** blei levert til Honningcentralen.

* **Talet på bikubar** har blitt halvert over ein tiårsperiode, men no er tala på veg oppover.

Selskapsfakta

Honningcentralen SA

Tall i 1000

	2013	2012
Driftsinntekter	100.365	79.017
Driftsresultat	2.973	3.932
Resultat før skatt	1.942	2.790
Eigenkapital	26.196	25.658
Tilsette		16

Produkt: Omsetjing av honning, sal av utstyr til birøkt.

Kjelde: purehelp.no

– Bierøkt er ein av dei landbruksnæringane som har størst variasjon frå år til år. For at biene skal utvikle seg er dei avhengig av ein viss temperatur. Det må vere varmt nok for at dei skal fly ut å hente nektar og pollen. I tillegg må plantene ha utvikla seg nok til at dei kan skaffe næring frå dei, seier leiaren.

Så langt ser det ut som eit dårleg år for honningproduksjonen, men Gjessing sett si lit til lyng-honning.

– Prognosen er at det er redusert, men me er alltid optimistar. Det er framleis mogleg å få god honningproduksjon for røsslyng-honning som har sesong i juli og august.

MAGNHILD STEINSLAND
magnhild.steinsland@nationen.no



Birøktar-besøk: Tommy Korneliussen fekk høyre om kvardagen til ein honningprodusent.

– Me blir stadig

Stort behov for norsk honning i daglegvarebutikkane.

Konsernsjef Tommy Korneliussen representerer 1.768 daglegvarebutikker.

– Honning er sunt, og har medisinsk effekt. Me blir stadig utseld for norsk honning i butikkane. Difor går me saman med Honningcentralen for å gjera det me kan for å auka

produksjonen, seier Korneliussen

35 prosent norsk

Det nye prosjektet inneber rabatt på materiale for nybegynnarar, i tillegg til rabatt på nye kuber til etablerte røktarar som vil levera til Honningcentralen. Totalt er

BIRØKTAR

«Interessa aukar etter kvart som ein jobbar med biene.»

TERJE REINERTSEN
HONNINGPRODUSENT



ent av Terje Reinertsen på garden i Gjerdrum.

FOTO: MAGNHILD STEINSLAND

utseld for norsk honning

35 prosent av honningen som blir seld i Norgesgruppen er norsk-produsert.

– Me holder av plassar til fleire variantar av norsk honning. Me

ventar berre på å få nok norske rå-varer, seier Korneliussen.

Utan om honningprosjektet er Norgesgruppen og Honningcentralen også i gang med polline-

ringsprosjekt i 2016 hos fruktbønder i Hardanger og Sogn og Fjordane, i samarbeid med Bama og Gartnerhallen.

– Bier er me nøydd til å ha for å få meir og betre frukt. Pollinerings-effekten er vel så stor som honningeffekten, seier konsernsjefen.

150 millionar

Ifølgje tal frå Honningcentralen er pollineringsverdien for kultiverte vekstar 150 millionar kroner årleg.

– Biene er gode pollineringsarbeidarar i og med at dei er innstilt

til å jobbe saman i fleirtal. Det er viktig for næringa å ha mykje bier i omløp, seier honningprodusent Terje Reinertsen.

Kvar bikube inneheld opp mot 60 000 bier. I Noreg er det tre hovudsortar av bier i bierøkt: Brune bia, kranier bia og buckfast.

– Auka kubetal gir meir pollinering, noko som er svært viktig for ein betre avling og dermed ei berekraftig utvikling. Dette er ein vinn-vinn situasjon for alle partar, seier styreleiar Olav Arne Sønderland i Honningcentralen.



FRUKTPRODUKSJON
«Pollinerings-effekten er vel så stor som honningeffekten.»

TOMMY KORNELIUSSEN
KONSERNSJEF NORGESGRUPPEN

NOTERT



FOTO: SVEIN EGIL HATLEVIK

DYREVELFERD

Åtvarar mot å forlate dyr i bil

* Mattilsynet ber folk vurdere om det er nødvendig å ta med kjæledyret på tur i sommarvarmen. I ein lukka bil kan temperaturen fort bli svært høg.

Sjølvsagt om det er 18 grader i lufta og bilen står i skuggen, kan temperaturen fort bli 38 grader inne i bilen, skriv Hugesunds Avis. Blir kjæledyr sette igjen i bilen, kan ein risikere alvorleg overoppheting. Kjæledyr med hetslag bør kjølast ned med vatn, men ein bør ikkje bruke iskaldt vatn elles is. ©NPK

KLIMA

Rapport: Palsmyrer borte om 70 år

* Om klimautviklingen fortsetter vil palsmyrene i Ostojegaggi i Troms være helt borte i løpet av de neste 70 årene, viser en rapport fra Norsk institutt for naturforskning (NINA).

Anslaget er basert på at utviklingen fra 2004 til 2014 fortsetter. Utbredelse av tele i Ostojegaggi er redusert med tre fjerdedeler i perioden

– Palsmyrene er svært følsomme for endringer i temperatur og nedbør. Det gjør disse myrene godt egnet som indikator for klimaendringer, og det er også en av grunnene til at overvåkingsprogrammet for palsmyr ble satt i gang, sier direktør Ellen Hambro i Miljødirektoratet i en pressemelding.

Palsmyr er en type myr som består av torvhauer med permafrost. ©NTB

ULUKKE

Miljøverk i Voss vedtar millionbot

* Indre Hordaland Miljøverk på Voss godtar bota på ein million kroner som selskapet blei pålagt etter at ein 21-åring døde på jobb for to år sidan.

Ola Egge Ødegaard døde då han kom i klem i ei plastpresse. Ein tryggingmekanisme på pressa var sett ut av spel, og verneombodet hadde ved eit tidlegare høve lagt ned forbod mot å bruke maskinen.

Nå har eit samrøystes styre vedtatt at selskapet aksepterer førelegget som er ferda ut av Hordaland politidistrikt, skriv Bergens Tidende. Politiet har konkludert med at selskapet gjorde seg skuldig i fleire brot på arbeidsmiljøloven. ©NPK